

Saksprotokoll 26.05.2020 - klagenemnda

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Klage frå Synnøve Jacobsen over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 14.10.2019 om å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla frå Fv. 5246 til eigedomen gnr. 13 bnr. 92 Hetlevik i Askøy kommune, vert teken til følge, **på følgjande vilkår:**

- Avkøyrsla skal opparbeidast slik det er vist i reguleringsplan etter PBL.
Kravet til frisisikt på 3 X 40 meter er i samsvar med skilta fart på 40 km/t og gjeldande vegnormal N100. Kravet til frisisikt er ifølgje reguleringsplan «Fv 212 Slettebrekka – Hetlevik, del 1 (Hetlevik) PlanID 275 6 X 54 meter.
Dersom reguleringsplanen skal fråvikast kan ikkje arbeidet setjast i gang før det er søkt dispensasjon frå reguleringsplanen og Askøy kommune har gjeve dispensasjon.
- Avkøyrsla må og fylle vilkåra etter veglova § 43 med tilhøyrande forskrift.